

Naturvernforbundet i Kvam
Oddvar Soldal
Kyrhagen 32,
5610 Øystese

Øystese 16. nov 200

Fiskeri- og Kystdepartementet,
PB 8118 Dep, 0032 Oslo
postmottak@fkf.dep.no

Fråsegn om framlegget til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

Naturvernforbundet i Kvam vil gjerne koma med innspel til framlegget til forskrift. Me har fylgt nøye med i ordsiftet og forskinga som har føregått dei siste åra og er svært uroa over det biologiske mangfaldet og situasjonen for vill laksefisk og kvit villfisk i fjorden etter den raske veksten i oppdrett av laksefisk.

Dette peika me også på i fråsegna vår om utkastet til forskrift, sjå brevet vårt av 18. september 2008.

På bakgrunn av fakta vil me koma med eit lite bilete. I høyringsbrevet vert det vist til at ståande biomasse og produksjon av oppdrettsfisk har vorte dobla i løpet av dei ti åra frå 1997. Dette har me knapt nok sett den kortvarige og endå mindre den langvarige verknaden av. Viss me seier at det er dobla frå 25.000 tonn til 50.000 tonn i denne perioden vil det tilsvare at folketalet, gjennomsnittsvekt 70 kilo, i eit avgrensa område aukar frå 350.000 til 700.000 vaksne individ i løpet av ti år. På landjorda hadde me merka verknaden av ein slik auke, i fjorden er det fare for at me ikkje merkar det før det er for seint.

Føre var....

Naturvernforbundet i Kvam er glad for forskingsarbeidet som er i gang i fjorden. Me er også glad for at det kjem framlegg til avgrensingar i oppdrettsnærina. Ut frå forskingsresultata og ikkje minst langtidsverknaden av den enorme auken i oppdrettsfisk dei siste ti åra, er me redd for at avgrensingane kjem for seint og er for varsame viss ein skal ta omsyn til:

- fjordområdet si bereevne
- forhold knytt til sjukdom og spreiding av lakselus
- viltlevande bestand av laks og aure
- viltlevande bestand av all annan fisk
- oppdrettsnæringa si langsiktige utvikling

Me vil spesielt peika på omsynet til andre fiskeartar. Det vert stadig fiska til dømes lyr, sei og torsk som er negativt påverka av oppdrett. Det er gjort svært lite undersøkingar av dette, men fiskarar, både fritidsfiskarar og yrkesfiskarar, klagar over kvaliteten på kvitfisk som lever på utslepp, både fôr og møk, frå oppdrettsanlegga.

Så tidleg som i 2004 tilrådde Havforskningsinstituttet å redusera mengda av oppdrettslaks i området, serleg på bakgrunn av infeksjonspresset frå lakselus.

Ut frå forkingsresultat som finst og det som er nemnt ovafor, vil Naturvernforbundet i Kvam peika på at føremålet i forskrifta er alt for snever ved å avgrensa omsynet til laksefisk. Her må ein ta inn omsyn til alle andre villfiskartar og det biologiske mangfaldet i fjorden. For kvart år som går vert bestandane av villaks svakare og mindre. Dette gjer i seg sjølv at bestandane er dårlegare rusta mot genetisk påverknad frå oppdrettslaks.

Øvre grense på 50.000 tonn MTB

Naturvernforbundet i Kvam meiner det er forskningsbasert belegg for å hevda at den føreslegne avgrensinga i biomasse er alt for høg for å nå måla om ei berekraftig forvaltning av Hardangerfjorden. Både Havforskningsinstituttet og Mattilsynet har peika på at det er klare samanhengar mellom biomasse og miljøproblem på eit vesentleg lågare nivå enn 50.000 tonn MTB.

Det er også verdt å merka seg at det i pkt 3.3 i høyringsbrevet vert vist til at tal frå Fiskeridirektoratet viser at ”det ikkje på noko tidspunkt i 2008 stod meir enn 48.357 tonn fisk i Hardangerfjorden. Rett nok er det tildelt ein produksjonskapasitet på 70.000 tonn MTB i fjordsystemet. Med eit framlegg på øvre grense på 50.000 tonn MTB vil ein i realiteten ikkje få noko nedgang i produksjonen i høve til den verkelege produksjonen i dag.

Naturvernforbundet kan ikkje støtta framlegget til øvre grense. Me slår berre fast at grensa må setjast monaleg lågare og at departementet må ta omsyn til dei grensene forskarar og forvaltninga har tilrådd tidlegare. Som nemnt meinte Havforskningsinstituttet at grensa for berekraft var overskride i 2004 og dei tilrådde alt då å redusera mengda av oppdrettslaks i området.

Tolegrenser, miljømål og reaksjonar

I førearbeidet til forskrifta skreiv fiskeridirektøren til departementet at:

”Et slikt spesielt forvaltningsregime må etter fiskeridirektørens oppfatning ha bærekraftig næringsutvikling som mål, være basert på involvering fra relevante interesser, være kunnskapsbasert og ha klare tålegrenser som ved overskridelse utløser forutsigbare forvaltningsgrep”.

Me registrerer at konkret miljømål ikkje er med i framlegget til forskrift. Utan slike mål er det også vanskeleg å registrera korleis næringa rettar seg etter forskrifta. Det er heller ikkje sett tid eller vilkår for korleis forskrifta skal reviderast.

Slike konkrete miljømål som me lista opp i brevet vårt i september i fjor, kan vera:

- Mål for andel rømd oppdrettsfisk på gyteplassane. Til dømes under 5 prosent innslag av oppdrettsfisk.
- Klare nivå for lusesituasjonen for villfisken frå mars til oktober
- Sjukdomssituasjonen i anlegga
- Strengare regime på registrering av rømming, frå utsett av smolt til slakting.
- Tolegrenser for utslepp av fôr og møk. Problema med overgjødsling kan møtast med konkrete miljømål.

Tekniske løysingar

Utand me går djupare i tekniske løysingar i denne omgang, vil Naturvernforbundet beklaga at utkastet til forskrift ikkje stiller spesifikke teknisk krav til oppdrettsanlegg. Det er klart at lukka oppdrettsystem vil løysa ein del av miljøproblema som oppdrettsnærings medfører.

For Naturvernforbundet i Kvam

Oddvar Soldal, leiar